

Utval: Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Møtestad: Clarion Hotel Bergen Airport, Flesland
Dato: 12.11.2019
Tidspunkt: 10:00-14:55

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Arve Helle	Medlem	A
Per Jarle Valvatne	Medlem	A
Linda Monsen Merkesdal	Medlem	A
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP Til 14.35
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Mona Høgli	Medlem	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trym H. Aafløy	Medlem	FNB
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Påtroppande fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Rolf Rosenlund	Påtroppande stabsleiar avdeling for mobilitet og kollektivtransport
Torill Klinker	Påtroppande seksjonsleiar avdeling for mobilitet og kollektivtransport
John Martin Jakobsen	Påtroppande seksjonsleiar avdeling for infrastruktur og veg
Lars Erik Lunde	Rådgjevar stab avdeling for infrastruktur og veg
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar politisk sekretariat

Petter Lem Gullestad, møtesekretær

Godkjenningssaker

GK 1/19 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

GK 2/19 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

Dette var første møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet. Det var derfor ingen møtebok å godkjenne.

Skriftlege spørsmål

SI 2/19 Spørsmål frå Aafløy - FNB - Kontrollutvalets bindingar og Ferde

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

Representanten **Trym Aafløy (FNB)** har stilt slikt spørsmål:

Fra media skal det være kommet frem at kontrollutvalget i Sogn og Fjordane har iverksatt en granskning av Ferde-saken. Det skal være referert at man til denne granskningen har engasjert fylkeskommunens faste revisorfirma Deloitte.

Begrunnelsen skal være at Kontrollutvalge skal bruke den leverandøren som fylkeskommunen alt har en avtale med.

Spørsmål 1

1a) Er det riktig at fylkets kontrollutvalg er bundet av generelle innkjøpsavtaler som fylkeskommunen har?

1b) Mener man i så fall at dette vil ivareta krav om at kontrollutvalgets virksomhet og undersøkelser skal være uhildet og ubundet av andre organer, interne eller eksterne?

1c) Mener man at denne praksisen, dersom dette medfører riktighet, vil bidra til kontrollutvalgets uavhengige rolle i utøvelse av sitt arbeid?

1d) Med henvisning til denne saken; Hvordan vil rutiner og praksis for kontrollutvalgets uavhengighet bli håndtert for fremtiden når kontrollutvalget i Vestland fylke tiltrer?

Fra media er det brakt frem flere saker der det kan stilles spørsmål ved administrativt ansattes private selskapsrelasjoners forhold til leveranser til Ferde AS.

Ferdes virksomhet er, som innkrever av bompenger bl.a. i Bergen, av stor generell allmenn interesse. Selskapets økonomiske disposisjoner blir observert med stor interesse av samfunnet generelt og bilistene og media spesielt.

Spørsmål 2

2a) Er det riktig at Ferde har ansatte som også har eierinteresser hos leverandører av varer og/eller tjenester til selskapet? Finnes det noe formelt, internt register som angir personer og leveransenes natur og omfang?

2b) Hvordan har styret i Ferde kartlagt omfanget av slike forretningsforhold? Dersom registeret finnes, er det tilgjengelig for fylkestingets medlemmer? Dersom det ikke finnes – burde et slikt register vært opprettet og vil styret ta initiativ til dette snarest og innen årets utgang?

2c) Har Ferde et etisk reglement for sine ansatte, og i så fall – hvordan blir dette håndhevet?

2d) Hvordan jobber Ferde aktivt for at minst mulig av bilistenes bompenger skal brukes til annet enn bompengenes formål?

2e) Hvem tildeler/utbetaler Fredes inntekter knyttet til drift av bomringen i Bergen?

2f) Hvordan vil Sogn og Fjordane/Hordaland/Vestland fylkeskommuner arbeide målrettet for å redusere kostnadsnivået i Ferde, slik at Ferdens kunder kan få redusere kostnader til innkreving, gjennom aktiv instruering av styret i Ferde?

Påtroppande fylkesdirektør gav slikt svar:

Representanten Trym Aafløy (FNB) har stilt viktige spørsmål kring kontrollutvalet si verksemd og Ferde AS. Fylkesdirektøren vurderer det slik at hovudutval for samferdsel og mobilitet ikkje er rette adressat for spørsmåla som er stilt.

Etter fylkesdirektøren si vurdering høyrer spørsmål nr. 1 heime i kontrollutvalet for nye Vestland, medan spørsmål nr. 2 høyrer heime i fylkesutvalet for nye Vestland.

Vi gjer forøvrig merksam på at det i augneblinken er Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som er medeigarar i Ferde AS, saman med Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder.

SI 3/19 Spørsmål frå Hammer - SV - Drift av Beffen

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

Representanten **Marthe Hammer (SV)** har stilt slikt spørsmål:

Beffen feira tidlegare i år 125-års jubileum og varsla like etter at det ikkje er økonomisk grunnlag for heilårsdrift

(<https://www.ba.no/beffen/vagen/sjo/i-dag-fyller-beffen-125-ar/s/5-8-1101819>)
<https://www.ba.no/beffen/bergen/nyhet/beffen-legger-ned-vinterdriften-det-koster-dessverre-mer-enn-det-smaker/s/5-8-1106855>

Det bør vere eit mål for havfylket Vestland at ein større del av transporten går til sjøs. Då er det eit stort steg i feil retning om Beffen legg ned heilårsdrift. Beffen er ein institusjon i bybiletet i Bergen, og ein tradisjon hamnebyen Bergen ikkje har råd til å miste. Beffen utgjør ei viktig forlenging av bussane og på sikt Bybanen på Bryggen og knyter Nordnes til kollektivnettet.

Bergen kommune har vore i kontakt med reiarlaga bak Beffen-båtane for å undersøkje korleis kommunen kan bidra til å sikre vidare drift. Kommunen meiner det er fylket som må stå bak vidare initiativ. I komité for finans, kultur og næring 28.08.19 svarte Byråden følgjande på spørsmål om heilårsdrift av Beffen:

«Byråden meiner det kunne ha vore interessant å få utgreidd kva muligheiter som finst for å eventuelt implementere ei tradisjonell rute som dette inn i det ordinære ruteopplegget til fylkeskommunen.»

«Saka har prioritet, men løysingane er det i fyrste rekke bâteigarane og samferdslemyndighetene som rår over.»

- Har fylkeskommunen vore i kontakt med Beffen AS for å undersøkje korleis ein kan sikre vidare heilårsdrift av Beffen?
- Kva vert dei økonomiske konsekvensane av å leggje Beffen inn i skyss-systemet?

Påtroppande fylkesdirektør gav slikt svar:

Viser til tilsvarande spørsmål i MISA 5.9.2019 (sak 16/2019). Skyss har ikkje vore i dialog med Beffen AS. Etter det vi kjenner til er dette er ei reint kommersiell rute. Dersom det er ønska å integrere denne båtruta i

fylkeskommunens sitt kollektivtilbod, vil ein måtte gjennomføre ei konkurranseutsetjing av ruta i tråd med lov om offentlege anskaffingar. Det vil då vere fleire operatørar med ulike fartøy som nødvendigvis vil konkurrere om å drifte ruta etter nærare fastsette krav og tildelingskriterium. Det er ikkje i Skyss jobba vidare med å berekne økonomisk konsekvens av dette.

Referatsaker

RS 1/19 Finansutvalet sitt arbeid med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

RS 1/19 vart referert.

RS 2/19 Nye ferjekontraktar frå 2020 - status for ferjemateriell og elektrisk drift

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

RS 2/19 vart referert.

RS 3/19 Søknad om auka løyving til mindre utbetringar - Fv 615 Hyen – Storebru

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

RS 3/19 vart referert.

RS 4/19 Søknad om støtte til utgreiing av mogeleg nytt bomvegsamband i Vestland nord

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

RS 4/19 vart referert.

Politiske saker

PS 1/19 Høring om endringar i forskrifter til veglova, vegtrafikklova og andre lover som gjeld overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane og omorganisering av Statens vegvesen

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet viser til at fylkeskommunen som vegeigar vil ha ansvar for å utgreie skiltbruk på fylkesveg. Ut i frå omsynet til effektiv sakshandsaming og til at det forvaltingsnivået som har ansvar for ei oppgåve også får mynde til å ta avgjerd, må fylkeskommunane få ansvar for å fatte skiltvedtak. Felles skiltbruk kan bli teke vare på gjennom skiltforskrifta og ved at skiltplanar kan sendast til Statens vegvesen for uttale.
2. Fylkesutvalet er samd i at Statens vegvesen framleis bør ha ansvar for kontroll og godkjenning etter tunnelforskrifta og bruforskrifta. Dette må likevel praktiserast på ein slik måte at ein unngår detaljstyring og eit tidkrevjande godkjenningsregime.
3. Fylkesutvalet støttar dei andre føreslegne endringane i forskriftene som er omfatta av høringa.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

Avrøysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet viser til at fylkeskommunen som vegeigar vil ha ansvar for å utgreie skiltbruk på fylkesveg. Ut i frå omsynet til effektiv sakshandsaming og til at det forvaltingsnivået som har ansvar for ei oppgåve også får mynde til å ta avgjerd, må fylkeskommunane få ansvar for å fatte skiltvedtak. Felles skiltbruk kan bli teke vare på gjennom skiltforskrifta og ved at skiltplanar kan sendast til Statens vegvesen for uttale.
2. Fylkesutvalet er samd i at Statens vegvesen framleis bør ha ansvar for kontroll og godkjenning etter tunnelforskrifta og bruforskrifta. Dette må likevel praktiserast på ein slik måte at ein unngår detaljstyring og eit tidkrevjande godkjenningsregime.
3. Fylkesutvalet støttar dei andre føreslegne endringane i forskriftene som er omfatta av høringa.

PS 2/19 Forslag til ny forskrift med innføring av miljøkrav til drosjenæringa

Forslag til innstilling

1. **Innføre miljøkrav i kommunane i tidlegare Hordaland, med følgjande forskrift:**

Med heimel i yrkestransportlova § 9 fjerde ledd vedtar Vestland fylkeskommune følgjande ny forskrift:

Tittel: Forskrift om miljøkrav til drosjenæringa i Vestland fylke.

I forskrifta skal § 1 lyde:

"§ 1. Løyvehavar pliktar å sørgje for at drosje registrert for inntil 9 personar ikkje har utslepp frå forbrenningsmotor ved køyring i følgjande kommunar:

Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnefjorden, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Stord, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss herad, og Øygarden."

I forskrifta skal § 2 lyde:

"§ 2. Løyveharar pliktar straks å gje skriftleg melding til løyvestyresmakta dersom drosjen har brote miljøkravet i § 1."

Forskrifta trer i kraft 1.1.2024.

2. Administrasjonen startar utgreiing om det er mogleg å innføre tilsvarande krav i alle kommunar i Vestland fylke.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

Jenny Følling (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Det må leggest fram ei statusoppdatering om framdrift, tilrettelegging av infrastruktur og kor langt ein har kome med omlegginga etter to år.»

Følling trekte forslaget.

Trude Brosvik (KrF) sette fram forslag om å utsetje saka.

Brosvik trekte forslaget.

Frank Willy Djuvik (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert ikkje innført forskrift med innføring av miljøkrav for drosjenæringa no.
2. Hovedutval for samferdsel og mobilitet forventar at drosjenæringa sjølv tek grep for å få ned samla utslepp knytt til sin aktivitet, og vurderer dei bedriftsøkonomiske sidene ved dette.
3. Hovedutval for samferdsel og mobilitet ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram.»

Det vart ikkje votert over forslaget då det vart fremja utsetjingsforslag i saka.

Jenny Følling (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, KrF og SV fram slikt forslag om utsetjing:

«Saka vert utsett.

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram og satsinga som ligg inne i budsjettet på hurtigladepunkt vert gjennomført. Dette vil legge til rette for at drosjene kan legge om til utsleppsfrie køyretøy
2. Hovudutvalet ber om ei betre utgreidd sak der ein ser på grenseproblematikk og konsekvenser ved innføring i einskildkommunar, helsekøyning, og konkurransevridning ved å fase inn miljøkrav i drosjenæringa i Vestland fylke før nye lovkrav i 2025.»

Frank Willy Djuvik (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag om utsetjing:

«1. Saka vert utsett til 2024. Utvalet forventar at ein kjem tilbake med ei sak om praktiske konsekvensar av innføringa av nytt lovkrav innan 2025.

2. Det vert ikkje innført forskrift med innføring av miljøkrav for drosjenæringa no.
3. Hovedutval for samferdsel og mobilitet forventar at drosjenæringa sjølv tek grep for å få ned samla utslepp knytt til sin aktivitet, og vurderer dei bedriftsøkonomiske sidene ved dette.
4. Hovedutval for samferdsel og mobilitet ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram.»

Avrøysting utsetjingsforslaga

Følling og Djuvik sine utsetjingsforslag vart sett opp mot kvarandre for avrøysting. Følling sitt forslag fekk 9 røyster (Sp, A, MDG, SV, KrF) og vart vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram og satsinga som ligg inne i budsjettet på hurtigladepunkt vert gjennomført. Dette vil legge til rette for at drosjene kan legge om til utsleppsfrie køyretøy.
2. Hovudutvalet ber om ei betre utgreidd sak der ein ser på grenseproblematikk og konsekvenser ved innføring i einskildkommunar, helsekøyting, og konkurransevridning ved å fase inn miljøkrav i drosjenæringa i Vestland fylke før nye lovkrav i 2025.

PS 3/19 Stord lufthamn - søknad om lån til finansiering av ny infrastruktur

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune gjev Sunnhordland lufthamn eit lån på kr. 3.780.000 til opprusting av kontrolltårnet, utviding av terminalbygget og nytt brøyteutstyr. Lånet skal finansiere 21 prosent av kostnadene med prosjektet.
2. Fylkeskommunen finansierer utlånet ved bruk av investeringsfond.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å avtale lånevilkåra.
4. Fylkestinget gjev lån med oppmoding om at:
 - a. Nytt tårn blir bygd med minimalt av klimaavtrykk, dvs lågast mogleg CO2 utslepp, og med miljøvennlige materialar.
 - b. Det blir aktivt jobba for at utslepp frå flytrafikken blir redusert, og fylkestinget blir halden orientert om dette.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

Mona Høgli (MDG) sette på vegner av MDG, Sp, A, SV og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4 c):

Infrastrukturen på flyplassen blir lagt til rette slik at det er mogleg å ta i bruk elektriske fly på kortbanenettet.»

Avrøysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Høgli sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune gjev Sunnhordland lufthamn eit lån på kr. 3.780.000 til opprusting av kontrolltårnet, utviding av terminalbygget og nytt brøyteutstyr. Lånet skal finansiere 21 prosent av kostnadene med prosjektet.
2. Fylkeskommunen finansierer utlånet ved bruk av investeringsfond.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å avtale lånevilkåra.
4. Fylkestinget gjev lån med oppmoding om at:
 - a. Nytt tårn blir bygd med minimalt av klimaavtrykk, dvs lågast mogleg CO2 utslepp, og med miljøvennlige materialar.
 - b. Det blir aktivt jobba for at utslepp frå flytrafikken blir redusert, og fylkestinget blir halden orientert om dette.
 - c. Infrastrukturen på flyplassen blir lagt til rette slik at det er mogleg å ta i bruk elektriske fly på kortbanenettet.

PS 4/19 Bompengepåslag for ferjestrekningar

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune ber om at bompengetakstar på ferjestrekningane Langevåg – Buavåg og Gjermundshamn-Årsnes og Varaldsøy-Årsnes samsvarar med 3 sonepåslag på alle køyretøygrupper inkludert nullutsleppskøyretøy > 6 meter, når AutoPASS-regulativet vert innført etter planen 1.1.2020.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.11.2019

Avrøysting

Prosjektlear sitt forslag fekk 12 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF og H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Vestland fylkeskommune ber om at bompengetakstar på ferjestrekningane Langevåg – Buavåg og Gjermundshamn-Årsnes og Varaldsøy-Årsnes samsvarar med 3 sonepåslag på alle køyretøygrupper inkludert nullutsleppskøyretøy > 6 meter, når AutoPASS-regulativet vert innført etter planen 1.1.2020.